



Riksadvokaten - Retningslinjer - RA-2010-200

Myndighet	Riksadvokaten – Retningslinjer
Dato	2010-04-07
Doknr/publisert	RA-2010-200
Sammendrag	Straffelova § 68 fyrste ledd andre punktum – spørsmål om tilbakeverkande kraft.
Saksgang	RA 10-200 /TAA 337.0.
Forfatter	Knut H. Kallerud, ass. riksadvokat. Tone Aase, kst. riksadvokatfullmektig.

Innholdsfortegnelse

Riksadvokaten - Retningslinjer - RA-2010-200	1
Innholdsfortegnelse	2
Straffelova § 68 første ledd andre punktum – spørsmål om tilbakeverkande kraft	3

Straffelova § 68 fyrste ledd andre punktum – spørsmål om tilbakeverkande kraft

På bakgrunn av fleire enkeltsaker som embetet har behandla, finn ein grunn til å peike på at straffelova § 68 fyrste ledd andre punktum neppe kan nyttast med tilbakeverkande kraft når det gjeld brot på straffelova § 195 og § 196. Bakgrunn for standpunktet er kort dette:

Ved lov av 22. mai 1998 nr. 31 og lov 11. august 2000 nr. 76 blei det vedtatt at fristen for forelding ved brot på høvesvis straffelova § 195 og § 196 fyrst skal reknast frå fornærma har fylt 18 år.

Når straffelovgjevinga vert endra mellom gjerningstidspunkt og pådømming, fastset straffelova § 3 fyrste ledd at det er reglane på gjerningstidspunktet som skal leggjast til grunn, med mindre noko anna er fastsett i lov, eller dei nye reglene gjev eit gunstigare resultat for sikta, jf. andre ledd. Grunnlova § 97 forbyr at lovar får tilbakeverkande kraft. Det er likevel lagt til grunn at det ikkje er i strid med Grunnlova § 97 å gje forlenga foreldingsfristar verknad for forhold som ikkje var forelda når den forlenga fristen tar til å gjelde, jf. Andenæs *Alminnelig strafferett* 2004 s. 587, Bratholm og Matningsdal *Straffeloven kommentarutgave* 2003 s. 575 flg. med vidare tilvisningar til Rt-1973-1125 og Rt-1974-1230. Sjå også drøftinga i Ot.prp.nr.90 (2003–2004) side 478 og Ot.prp.nr.8 (2007–2008) side 65-66.

Ved endringa av straffelova § 68 i 1998 og 2000 blei ikkje fastsett noko om tilbakeverknad i endringslova og spørsmålet er ikkje omtala i førearbeida. Hovudregelen i straffelova § 3 må då i utgangspunktet gjelde.

Ved lov av 19. juni 2009 nr. 78 blei det vedtatt at også ved brot på kjønnslemlestingslova § 1 og § 2 skal foreldingsfristen reknast frå fornærma har fylt 18 år. Lova trådde i kraft straks og ved denne endringa blei det fastsett at lova gjeld «for alle lovbrot som ikkje er forelda når lova tek til å gjelde», jf. lovas punkt II. I førearbeida er det heller ikkje denne gongen sagt noko om tilbakeverknad for den forlenga foreldingsfristen for brot på straffelova § 195 og § 196. Det må såleis leggjast til grunn at den tilbakeverkande krafta bare var meint for brot på kjønnslemlestingslova, jf. Innst.O.nr.117 (2008–2009).

Riksadvokaten legg etter dette til grunn at straffelova § 68 ikkje er gitt tilbakeverkande kraft når det gjeld brot på straffelova § 195 og § 196, og for desse straffeboda må foreldingsreglane på handlingstida leggjast til grunn.